

På bakgrunn av gjennomførte forhandlingar er kostnadene knytt til ein eventuell tilslutning som følgjer for Volda kommune:

- Etableringspris (eingongskostnad): Samla kr. 23.503.443,-
- Årleg tenestepris: Samla kr. 2.636.403,-
- Lokale innføringskostnadar: Samla kr. 9.620.951,-
- Forventa tillegg lokale kostnadar Samla kr. 901.471,-

- **Totalt** **kr. 36.662.268,-**
-
- Alle tal i 2024 kroner. Det kan kome kostnadsvekst i 2025/2026.

Dei nemnde prisane er i samsvar med tidlegare prisestimat, og ligg innanfor dei rammene som tidlegare er satt for Helseplattforma.

Lokale innføringskostnader:

Innføring av Helseplattformen er eit stort endringsprosjekt. Prosjektet vil krevje ressursar i heile helse og omsorgstenesta, men også frå HR, SSIKT og økonomiavdelinga.

Innføringskostnader til lokaleaktiviteter er vanskeleg å fastsette, men basert frå erfaringar frå andre innføringsløp kan man sette eit estimat på kva denne kostnaden vil komme på. Dette er utgifter utover kostnad direkte til Helseplattformen, og som gjeld lokal investering av teknisk utstyr, opplæring og frikjøp av ressursar. Det er satt eit 9% risikopåslag på de ukjente beløpene, utenom Aksjekjøp og dobbel drift av systemer som er fast pris:

- Aksjekjøp: kr. 52.000,-
- Opplæring: kr. 3.905.352,-
- Frikjøp av Superbrukarar: kr. 1.338.065,-
- Organisasjonsutvikling: kr. 597.447,-
- Manuell konvertering/datamigrering: kr. 394.891,-
- Investering av teknisk utstyr og/eller infrastruktur: kr. 895.056,-
- Tekniske førebuing: kr. 87.422,-
- Prosjektleiing og støtte: kr. 1.792.343,-
- Kostnader til dobbeldrift av system estimat: kr. 850,000,-
 - Må reforhandlast i januar 2025
- **Totalt** **kr. 9.912.576,-**

- Identifisert behov for frikjøp av superbrukarar til opplæring etter innføring av Helseplattformen i eit år (12 månadar): 2 årsverk Kr: 1 800 000 (totalkostnad)

For ytterlegare detaljar om prisfastsetting, vert det vist til **bilag 5** og resten av saksframlegget.